



Harald Ingar Solheim  
Bruvegen 86  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3982 - 17/3670

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
02.02.2017

## Løyve til oppføring av altan - gbnr 188/478 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 049/17

**Tiltakshavar:** Harald Ingar Solheim og Jan Cato Solheim  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av altan med bygd areal (BYA) ca. 8,3m<sup>2</sup>.  
Det vert elles vist til søknad motteken 29.12.2016 og supplert 04.01., 16.01. og 18.01.2017.  
Etter tilbakemelding datert 18.01.2017 skal eksisterande bod ikkje endrast.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 17.01.2017, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Kvitteing for nabovarsel.
2. Oppdatert situasjonsplan påført ytre mål på tiltaket, minsteavstand til grense og avstand til vegmidte offentleg veg.

Etter å ha motteken etterspurd dokumentasjon var søknaden klar for handsaming den 18.01.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i målsett situasjonsplan datert 18.01.2017.  
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr. 188/477 og eigar av gbnr 188/479 har i naboerklæring om redusert avstand til nabogrense i samsvar med Pbl. §29-4 , samtykka til at tiltaket kan plasserast heilt inntil nabogrensa.  
Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 19 meter.



### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av altan på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast som vist i situasjonsplan datert 18.01.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3982

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Motakarar:**

---

**Motakarar:**

Harald Ingar Solheim

Jan Cato Solheim

Bruvegen 86

Bruvegen 86

5914

5914

ISDALSTØ

ISDALSTØ